



Til kyrkjeleg tilsette som er statstenestemenn

Dato: 29.11.2016

Vår ref: 16/1377 - 4 JRF (16/38690)

Dykkar ref:

Overføring av ditt tilsettingstilhøve frå staten til Den norske kyrkja med verknad frå 01.01.2017

Rettssubjektet Den norske kyrkja erstattar staten som arbeidsgjevar frå 1.januar 2017. Det tyder at tilsette i den statlege delen av Den norske kyrkja (prestar, prostar, biskopar, tilsette ved bispedømmekontora og Kyrkjerådet, Kirkelig Utdanningscenter i Nord og Svalbard kyrkje) etter 1.1.2017 ikkje lenger vil vere statlege tenestemenn. Dei som er embetsmenn vil seinare motta supplerande informasjon i tillegg til dette brevet.

Våren 2016 vart det gjennomført medarbeidarsamtalar der alle vart gjort kjende med overdraginga av verksemd. Denne er regulert i arbeidsmiljølova (Aml.) kap. 16. Dei overførte arbeidstakarane har rett til å behalde individuelle arbeidsvilkår som følgjer av tariffavtale som den tidlegare arbeidsgjevaren var bunden av. Dette gjeld inntil denne tariffavtalen går ut eller til ny tariffavtale – bindande for den nye arbeidsgjevaren og dei overførte arbeidstakarane – er på plass.

Noko vert nytt etter 01.01.2017, men mykje blir som før:

Inga endring:

- Den enkelte arbeidstakar som er omfatta av overdraginga beheld sitt arbeidstilhøve.
- Arbeidstakar beheld sin medlemskap og sine rettar, inkludert pensjon, i Statens pensjonskasse.
- På grunn av medlemskapen i Statens pensjonskasse er aldersgrensa hjå den nye arbeidsgjevaren framleis 70 år.
- Arbeidstakar beheld lønn, særlege tillegg, feriepengere rettar, tenesteansiennitet og personforsikringsordningar.

Nytt:

- Arbeidsgjevar blir ny: Rettssubjektet Den norske kyrkja erstattar staten.
- Arbeidstakars arbeidstilhøve vert regulert av arbeidsmiljølova, ikkje tenestemannslova.
- Kyrkjemøtet vedtok i 2016 å melde den nye arbeidsgjevaren inn i KA – *arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter*.
- Hovudtariffavtalen og Hovudavtalen er for tida under forhandling mellom KA og arbeidstakarorganisasjonane. Status i desse forhandlingane er i skrivande stund uavklart. Under føresetnad av at dei sentrale partane vert samde, vil


Kyrkerådet gjennomføre forhandlingar om lokale særavtalar, inkludert tilpassningsavtale. Framforhandla avtaleverk vert formelt skriven under ein av dei første dagane i det nye året. Det nye avtaleverket vil erstatte dagens avtaleverk i staten.

Eksisterande arbeidsavtalar vert vidareført slik dei er, utan individuelle forhandlingar om ny avtale. Denne måten å gå fram på er tilrådd av tenestemannsorganisasjonane. Fordi arbeidsavtalen inneheld ei tilvising til statens avtaleverk som ikkje gjeld etter 2016, vert det utarbeidd **eit nytt brev som sendast kvar enkelt tilsett på nyåret**, med tilvising til nytt avtaleverk.


Om du har spørsmål til dette, ver gild og vend deg til næraste leiar.

Med ønskje om ei signa adventstid og velkomen til fortsatt arbeidsfellesskap!

Med helsing



Jens-Petter Johnsen
direktør



Jan Rune Fagermoen
avdelingsdirektør